



Rådmannen vender tommelen ned for eit naust-prosjekt i dette området no. Onsdag skal politikarane seia sitt.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen går inn for at forvaltningskomiteen onsdag skal seia nei til ein søknad frå Bjarne Stensletten i Uskedalen om frådelling av grunn til nausttomter. Han har søkt om dispensasjon for knapt 100 meter strandline for byggjing av naust i tre parsellar. Strandlina ligg mellom riksvegen og fjorden like ved Eidsvik Skipsbyggeri

Rådmannen går imot at det blir gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen eller frå forbodet mot byggjing i strandsona. Det ligg etter hans meining ikkje føre særlege grunner etter lova for å gje løyve til frådelling .

Nausttomter av ein slik storleik bør vurderast i ein oversiktsplan og saka kan fremjast som innspel til neste rullering av kommunedelplanen, skriv rådmannen.

Stensletten har grunngjeve søknaden sin med at området ligg i utkanten av LNF-område og grensar opp til område med fritidsbustader i aust og bustadbyggjing i sør. Han hevdar at området ikkje er attraktivt for bading eller friluftsinnteresser og vil fungera betre som nausttomter til nytte for næraste bustadområde.

Byggpartner Kvinnherad har gjeve ei uttale om prosjektet og meiner at å flytte grensen for DLF-området lenger vest ikkje vil kollidera med friluftsinnteressene i området.

I dag er arealet bebygd med eitt naust. Det samme gjeld eigedommen 134/58 som ligg vest for 134/6. Det er god plass for fleire naust mellom dei eksisterande og område for fritidsboliger i aust, skriv Byggpartner Kvinnherad.

Området er i gjeldande kommunedelplan avsett til NLF. Heile parsellen ligg innafor 100-metersbeltet frå sjøen og innanfor funksjonell strandsona.

Aktuelle naboar er varsla og har ikkje kome med merknader.

I si oppsummerande vurdering seier rådmannen at kommunedelplanen er relativt ny, og at det omsøkte naustområdet er så stort at det uansett må vurderast i ein plansamanheng. Difor vil han rå til at dei omsøkte

nausta vert fremja som innspel når kommunedelplanen vert teken opp til rullering.

Av Ola Matti Mathisen